



TOL/KIOLA

Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:
2012/051298-009

Dykkar referanse:

Vår dato:
05.01.2015

Vår uttale til søknader om løyve til å byggje 6 småkraftverk i Vaksdal og Voss

Viser til Dykkar oversending, datert 16.12.2014 med uttalefrist 23.03.2015.

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningsaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å leggja til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Vaksdal kommune

Oddmundsdalen kraftverk

Viser til motteken søknad om løyve til bygging av Oddmundsdalen kraftverk i Bergsdalen.

Statens vegvesen har ikkje merknader til bygging av kraftverket.

Tilkomst til kraftverket vil vera frå eksisterande private vegar. Det må søkjast om utvida bruk av avkøyrsløse til fylkesvegen (fv. 314).

Vert det gjeve løyve til bygging av kraftverk vil Statens vegvesen vera ein part i diskusjonar med omsyn til det som er nemnd ovanfor.

Skarvagrovi kraftverk

Viser til motteken søknad om løyve til bygging av Skarvagrovi kraftverk i Bergsdalen. Statens vegvesen har ikkje merknader til bygging av kraftverket.

Tilkomst til kraftverket vil vera frå eksisterande private vegar. Det må søkjast om utvida bruk av avkøyrsløse til fylkesvegen (fv. 314).

Vert det gjeve løyve til bygging av kraftverk vil Statens vegvesen vera ein part i diskusjonar med omsyn til det som er nemnd ovanfor.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Moko kraftverk

Viser til motteken søknad om løyve til bygging av Moko kraftverk.
Statens vegvesen har ikkje merknader til bygging av kraftverket.

Tilkomst til kraftverket vil vera frå eksisterande kommunal veg fram til kryss med Ev16 .

Markåni kraftverk

Viser til motteken søknad om løyve til bygging av Markåni kraftverk.

Vi har ikkje merknader til utbygginga, men det må takast ulike omsyn i samband med etablering i nærleiken av fylkesvegen (Fv 569). Det føreligg ein forvaltningsplan for objekt nr. 170 Dalseid – Eidslandet i Nasjonal verneplan for veger, bruar og vegrelaterte kulturminne som kraftverket må ta omsyn til, i vurderinga av plassering og utforming av avkøyrsla.

I søknaden er det vist eit bygg like inntil fylkesvegen. Den generelle byggjegrensa for fylkesvegar er 50 meter frå midtlina av fylkesvegen. I Rammeplan 2013 – 2016 for avkøyrslar og byggjegrensar på riks- og fylkesvegane i Region vest, har Hordaland fylkeskommune vedteke at Fv 569 skal ha Haldningsklasse 3 (Blå), der det vert fastsett særskild byggjegrense på 30 meter. Dersom bygget kjem nærmare, må det søkjast om dispensasjon frå byggjegrensa.

Vidare har vi krav til eigen søknad om avkjørsle som må oppfyllast. Dette er generelle krav med omsyn til svingradie, sikt og stigning. Vi føreset også at det vert opparbeidd naudsynt snuareal, samt tilrettelagt for parkering for bil på eigen grunn. Fylkesvegen skal ikkje nyttast til snu- og manøvreringsareal.

Kryssing av fylkesvegen med rørledning/ tunnel til kraftstasjonen føreset også eigen søknad.

Vi vil også setja rekkefølgjekrav til korleis arbeidet skal gjerast. Dette kjem vi attende til når vi handsamar desse søknadene.

Sædalen kraftverk

Viser til motteken søknad om løyve til bygging av Sædalen kraftverk.
Statens vegvesen har ikkje merknader til bygging av kraftverket.

Tilkomst til kraftverket vil vera frå eksisterande kommunal veg fram til kryss med Ev16 .


Voss kommune**Møyåni kraftverk**

Viser til motteken søknad om løyve til bygging av Møyåni kraftverk.
Statens vegvesen har ikkje merknader til bygging av kraftverket.

Tilkomst til kraftverket vil vera frå eksisterande privat veg fram til kryss med Fv. 314 .

Plan og forvaltning Voss og Hardanger

Med helsing

for  Carl Erik Nielsen
seksjonssjef

 Per Steinar Nedkvitne

Kopi: Vaksdal kommune, Konsul Jebsensgate 16, 5722 DALEKVAM
Voss kommune, Postboks 145, 5701 VOSS
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN